



Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholholdig drikke, Radøy kommune, Hordaland

Dato	FOR-2016-09-21-1108
Publisert	II 2016 hefte 3
Ikrafttredelse	01.10.2016
Sist endret	
Endrer	
Gjelder for	Radøy kommune, Hordaland
Hjemmel	LOV-1989-06-02-27-§3-7, LOV-1989-06-02-27-§4-4
Kunngjort	29.09.2016 kl. 15.30
Korttittel	Forskrift om sal, skjenking og opningstider, Radøy

Heimel: Fastsett av Radøy kommunestyre 21. september 2016 med heimel i lov 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkoholoven) § 3-7 og § 4-4.

§ 1. *Bevillingsperiode*

Det er ikkje naudsynt å søkje om fornying av innvilga sals- og skjenkeløyve i Radøy kommune, jf. alkoholova § 1-6, 3. ledd.

§ 2. *Sal og utlevering av alkoholholdig drikk (gruppe 1 – høgst 4,7 volumprosent)*

- Sal og utlevering kan skje frå kl. 09.00 til kl. 20.00 på kvardagar.
- Dagar før søn- og helgedagar unntatt dagen før Kristi himmelfartsdag kan sal og utlevering skje frå kl. 08.00 til kl. 18.00.
- Sal og utlevering påske-, pinse- og nyttårsaftan kan skje mellom kl. 08.00 og 16.00.
- Sal og utlevering av alkoholholdig drikk skal ikkje skje på søn- og helgedagar, 1. og 17. mai vedteke ved lov, jf. alkoholova § 3-7 tredje ledd.
- Det er ikkje tillate med sal og utlevering av alkoholholdige drikkevarer på julafta.

§ 3. *Alminnelege skjenkevedtekter*

- Skjenketida for øl og vin (under 22 volumprosent) er frå kl. 08.00 til kl. 01.00 – med unntak av søn- og helgedagar då skjenketida er frå kl. 12.00. På fredagar og lørdagar og på kvardagar før helgedagar er skjenketida for øl og vin frå kl. 08.00 til kl. 02.00.
- Skjenketida for brennevin (mellom 22 og 60 volumprosent) er frå kl. 13.00 til kl. 24.00. På fredagar og lørdagar og kvardagar før helgedagar er skjenketida for brennevin frå kl. 13.00 til kl. 01.00.
- Skjenking utandørs følgjer som hovudregel den generelle skjenketida. Dersom tilhøva på staden tilseier det, vil skjenketida for uteservering kunna innskrenkast.

d. For stader som har skjenkeløyve til slutta selskap, er skjenketida for øl og vin frå kl. 09.00 til maks. kl. 02.00. For brennevin er skjenketida frå kl. 13.00 til maks. kl. 02.00 med opningstid til maks. kl. 02.30.

§ 4. Opningstider

Opningstid er ein halv time lengre enn skjenketida.

§ 5. Konsum av skjenkt alkohol

Konsum av skjenkt alkoholholdig drikk må opphøyra seinast 30 minuttar etter utløp av skjenketida.

§ 6. Ikraftsetjing

Forskrifta tek til å gjelde 1. oktober 2016.